



Søkjar av kunststipend

Dato: 06.05.2015

Vår ref.: 2015/2149-94

Saksbehandlar: anethom

Dykkar ref.:

## Søknad om kunstnarstipend - førebels svar

Det vert vist til dykkar søknad om Kunstnarstipend med frist 1. mai 2015.

Vi har motteke om lag 80 søknader til kunstnarstipend. Søknadane vert gjennomgått av ulike fagkomitear, som gir innstilling innan sitt felt. Saka som heilskap vert førebudd av Kultur- og idrettsavdelinga / fylkesrådmannen på grunnlag av innstillingane. Fylkesrådmannen legg så saka fram for politisk handsaming og avgjerd i Kultur- og ressursutvalet.

Det kan gå litt tid med behandlinga då det skal involverast ulike komitear og Kultur- og ressursutvalet har møte ein gong i månaden. Det er venta at saka vil verte avgjort i Kultur- og ressursutvalet seinast i veke 37 / 10. september 2015.

Kven som får stipend vil verte offentleggjort på våre nettsider dagen etter dette møtet. ([www.hordaland.no/kultur](http://www.hordaland.no/kultur)) Alle søkerarar vil bli underretta om Kultur og ressursutvalet sitt vedtak om tilsegn eller avslag i eige brev, jfr. forvaltningslova § 27. Dei som vert tildelt stipend vil få individuell omtale / grunngjeving.

**Eventuelle spørsmål kan rettast til 55399185 eller [kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no)**

Anette Dürr Thomassen  
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*